

Til
Skyttarlag og skyttarsamlag i DFS

Førde 07.04.2017

INVITASJON TIL LANDSSKYTTARSTEMNET 2017

Det er med stor glede vi inviterer skyttarar og skyttarfamiliar til Landsskyttarstemnet i Førde i tidsrommet 27. juli til 4. august.

Militært NM er ein del av Landsskyttarstemnet. Klassane AG3 og HK416 gjennomfører skytingane torsdag 27. juli og fredag 28. juli. Eigen invitasjon med detaljert informasjon vert sendt til Forsvaret sine avdelingar seinare. DFS-skyttarane startar med innleiande skyting fredag 28. juli. Opningsseremonien blir i Førde sentrum fredag 28. juli kl. 20.00.

Førde skyttarlag arrangerer Landsskyttarstemnet for fjerde gong. Det starta i 1988, vidare i 1997 og i 2008. Baneskytinga, finfelten og alle finalane går som tidlegare på Kråkenesmarka skyttarstadion, ca. 8 km frå sentrum. Det er godt med parkeringsplassar nær stadion. Mattelt, kiosk og messeområde er på stadion. Innleiande grovfelt med Stang- og felthurtigskyting gjennomførast i Vasslia, ca. 1,6 km frå skyttarstadion. Opprop til grovfelten blir i sentrum, med busstransport direkte til feltløypa.

Påmelding til Landsskyttarstemnet

All påmelding til Landsskyttarstemnet gjer ein på [mitt DFS](#). Påmeldingsperioden er **27. april – 15. juni**, med frist for etterpåmelding 1. juli. Skyttarkontoret sender ut nærare informasjon om påmelding i løpet av april.

Innkvartering og transport

Det blir skyttarcamp nær Førde sentrum, med gratis publikumbussar til stadion frå og med laurdag 29. juli. Skyttarcampen opnar tysdag 25. juli. Det er også mogeleg å leige hus og hytter, og på nettsida har vi liste over kva tilbod som finst.

Vi har ein eigen plass utanfor sjølve skyttarcampen til store og tunge bular som må stå på fast underlag. Dette må eventuelt kommenterast i påmeldingsskjemaet.

Påmelding til skyttarcampen skjer på eige skjema, sjå vedlegg og på vår nettside. Påmeldingsfrist er før 20. mai.

Har du spørsmål om innkvartering så sjå på vår [nettside](#) finn eller kontakt oss på innkvartering@ls2017.no

Gåvepremiar

Vi ber om at skyttarlag og skyttarsamlag bidreg med ein pengesum til gåvepremiar. Gåvepremiarane er hovudsakeleg flotte knivar frå [Helle](#), prega med logo frå LS-2017 som eit unikt minne. Vi ønskjer derfor pengar som kan innbetalast til konto **3705.28.09372**, merka med «gåvepremie». Alle vinnarar av gåvepremiarane må hente desse under stemnet.



Utforsk Førde og Sunnfjordregionen under stemnet

Typisk for [Sunnfjord](#) er fjell, fjord, kraftfulle vassdrag og fossar, ein natur som set preg på kulturlandskap og busetting. Nyt variasjonane frå organiserte aktivitetar i urørd natur til nasjonale kunstsattar hos Sogn og Fjordane Kunstmuseum. Avstandane er korte mellom opplevingane, og regionen eignar seg godt for dagsturar frå breen i aust, til fjorden og øyane i vest.

Skyttarlaga Førde, Holsen, Jølster, Florø og Hyen ønskjer alle velkomne til Landsskyttarstemnet 2017!

Med venleg helsing

Christian Rekkedal
Leiar i hovudstyret

Orientering om innkvartering under LS-2017

1. Skyttarcamp

Det blir etablert to skyttarcampar like aust for Førde sentrum, i gangavstand frå opprop til grovfelt, publikumbussane og til Coop Extra. Sjå kart på [nettsida](#) LS2017.

Toalett med vask vert plassert i campingområde. Det blir enkle dusjbrakker på campinga, men aller best i garderobeanlegget i idretts- og kulturbygget Førdehuset der det også er symjebasseng.

Straum er inkludert i prisen til alle campingvognene og bubilane, dimensjonert med maks 1kW per vogn.

Frist for påmelding til skyttarcampane er 20. mai.

Påmelding til skyttarcampane skal skje lagvis og via vedlagt påmeldingsskjema som skal sendast per e-post til innkvartering@ls2017.no.

Pris for campingvogn eller bubil er kr 2420,- og for telt kr 850,-

Vi ber om informasjon om eventuelle veldig store og tunge bubilane som ikkje kan stå på vanleg grasmark. Vi skal prøve å plassere desse på eit eige område nærmare sentrum.

Samla betaling per skyttarlag må betalast innan påmeldingsfristen 20. mai, sjå påmeldingsskjema.

Plasstildeling per skyttarlag vil bli lagt ut på vår nettside etter i første halvdel av juni. Ved avbestilling etter 1. juli vert ikkje innbetalt beløp refundert.

2. Privat innkvartering

Vi har lagt opp til annonsering av privat innkvartering i hus, hytter og campingvogner på vår heimeside ls2017.no/innkvartering. Her kan både dei som vil leige ut og dei som vil leige privat innkvartering, legge ut informasjon i ein tabell. Ta direkte kontakt med dei som annonserer og prisar og leigeperiode avtalast mellom utleigar og leigetakar.

3. Kontaktopplysningar

Vi legg ut all informasjon om innkvartering på vår nettside: www.ls2017.no

E-postadresse: innkvartering@ls2017.no

Telefon: 479 79 059 (mellom kl. 9.00 – 15.00)

Ser deg i Førde under LS-2017 !

Venleg helsing

Per Räftevold
leiar for innkvartering

